

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 17.09.2019

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Jan-Tore Huus og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Thorleif Gjernes, Liv Bente Steiro og Ole G. Vassel

Referent: Kaia

**Sak 2019/51: Godkjenning av innkalling og dagsorden;** godkjent.

**Sak 2019/52: Godkjenning av referat frå styremøte 20.08.19;** godkjent

**Sak 2019/53: Tilstellingar:**

- Oppsummeringsmøte etter turistsesongen 24.09.19 – invitasjon sendt ut, plakat hengt opp. Positiv respons på invitasjoner. Påminning vert send i løpet av veka.
- Bygdelagsbasar 5. juledag. Gunnar lager brev til gevinstgjevarar og sender ut til styret. Gjennomgang av moglege gjevarar til bokgevinstar.

**Sak 2019/54: Eigedomar:**

- Oppfølging av gjennomgang av brannvern. Jobbar med å få tilbod frå Safe Brannvern på ettersyn av sløkkjeutstyr. I tillegg må det lagast oversiktskart over etasjane. Gunnar og Sigmund vurderer tilbod.
- Prioritering av vedlikehaldsbehov. Styret v/kasserar sender ein søknad til Hardangerstiftinga om støtte til div. brannsikring -og Enøk tiltak ved Herand kulturhus. Frist 30.09.
- Vedlikehaldsdugnad på kulturhuset laurdag 28. september kl. 10.00. Me prøver å få med nokon frå dei laga som bruker kulturhuset til faste aktivitetar. Plakat vert hengd opp.

**Sak 2019/55: Økonomi/søknader/fristar etc.:**

Liv og Lyst – Er det grunnlag for å søkje om eit treårs prosjekt i Herand? Vi har fått utsetting etter prøveprosjektet. Søknadsfrist er 25. oktober, og før det ei viktig nettverksamling i Bergen 26. september. Det må fungere som eit samarbeid mellom enkeltpersonar som representerer nokre lag (Idrettslaget, 4H, Bygdelaget?). Ting tyder på at det vil vere positiv godvilje i nye Vestland og Ullensvang til slike tiltak. Reidun Haugen Dalseth gav ei orientering om dette. Hun er villig til å koordinere arbeidet.

Vedtak: Styret stiller seg bak søknaden under føresetnad at RHD koordinerer/er ansvarleg og engasjerer andre lag i bygda i ei styringsgruppe. Bygdelaget stiller med en representant frå styret i denne gruppa. Denne utnemnast på neste styremøte.

**Sak 2019/56: Ymist:**

Brev til OBOS Energi (jfr referat frå sist møte). Bygdelaget sender ikkje brev om saka no. Marius Aasheim, dir. i OBOS energi har meldt via grunneigarane at han vil informerast når nye søknader sendast frå lag i Herand.

**Sak 2019/57: Eventuelt/andre saker:**

- Gåve til Herand musikklag til jubileum 60 år.
- Quiz. Me har fått spørsmål frå Jondal bygdelag om å skipa til 2. runde av haustens quizcup i Herand kulturhus laurdag 23.11. Dette gjer me.
- Eigedomsskatt. Det er kome eit brev frå nye Ullensvang kommune om synfaring av kulturhuset og Meieriet for eigedomsskatt som næringsseigedom. Bygdelaget har sendt brev og informert om det er ein allmennyttig organisasjon, og me ber om fritak for eigedomsskatt.

**Neste styremøte tysdag 08.10.19 kl. 19.00 på Herand kulturhus.**